

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmål nr. 36.

Herad: Hornindal.

Emne: Helsing, Fakker og Atferd.

Bygdelag: Notstraunda.

Oppskr. av: Rasmussen Navelaker.

Gard: Navelaker.

(adresse): Hornindal.

G.nr. 9 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

A. Måtar å reise folk på.

Ein mann var i voren i kjeften når han var i lag, bryllaup, barmøl eller jordsferd. Han hadde godt minne. Når han hadde drukk seg halofull, kom han alltid fram med dei feil eller ting der künde vere å kludre med den eine og den andre. So var det skjennsmål og slasting, også med brotne bein.

So skulde ein not sletting ha bryllaup. Borna til flakjeften sa til Brudgomen: "Bed du honom far, so kjen vi ikkje." Det stemde med Brudgomen sin tanke, han vilde ha eit pent lag, og so bad han ikkje slåpen, so han künde vere fri at han skjende laget.

2. Brattebakk Elias 1789-1875 bodde på bakken opp mot postvegen. Han var dreng ved öl og brennevins handelen på Lau. den 1820-1840. For kjekja hadde han ein stubbe. Ein skjertorsdøymorgon var stubben komen ut or skjekja, og hadde rulla ned bakken. Elias ned i flata, og hadde ei syndarleg skre med å rulle stubben oppatt.

Det gløymdest. Men neste skjertorsdøymorgon låg stubben igjen nede i flata. Guttingane og iungvorne hadde vore der. Soleis, gjen det skjertorsdøyet etter skjertorsdag.

Det var merksemd mot Elias, for at han gjerne var alt for flink til å skjenke öl og brennevin.

2.  
3. Ved 1860-1870 var det fleire bønder som seld skogen til Staten. Ein bonde vilde få skogen att med retten.

Men so høgg han litt i skogen ein 2-3 dagar før han skilde, med skogen enda var statseigedom. Ein mann gav Staten greide på dette, og bonden fekk ikkje skogen att.

Da var det haugfredagskvelden, at 2 mann med kola au-  
sikt og ukjennlege, kom inn til honom som hadde klaga.  
Dei drog honom fram og seuga, pista honom på nakke  
kroppen med kringelkister og kjappar - haugfredagsbeugle.  
Det var for at han hadde hindra bonden i å få gardsskogen  
att.

B Ved å sefje mann på folk.

Ein mann vart skulda for å ha stole ein sekk mjøl.  
Ein båt med 2-3 mann kom roande forbi heimen til  
denne mannen. Mannen grekk nett då, over tønnet. Dei  
ropte han som hadde misst mjølet: "Der fer mjøletju-  
ven!" - "Din må no feie deg," sa dei som var med i  
båten.

10/7 1953. AM.